

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	TI-&75, FE-033	18/790

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2019	Eldrerådet	PS	11.09.2019

Kandidat til eldreprisen 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vert lagt fram utan tilråding.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Den 18.03.2004 hadde eldrerådet oppe sak om kriterier for val av person som skal heidrast i samband med eldredagen 1. oktober kvart år.

Kriteriene som vart vedtekne då er:

1. Eldrerådet avgjer kven som skal heidrast
2. Pensjonistlaga kan koma med framlegg
3. Prisvinnar må ha gjort ein prisverdig innsats særleg som pensjonist mellom og for pensjonistar, med andre ord ein kvardagshelt.

Praksis har vore at kandidaten som har blitt vald har gått på omgang i dei tre delane av kommunen.

Det står ingenting i kriteriene om dette. Det er difor opp til eldrerådet å bestemma kven som oppfyller kriteria for å få prisen.

Prisen vert delt ut på eldredagen 1. oktober då det kvart år vert arrangert fest.

Denne festen vert til vanleg halde på sjukeheimen.

Framlegg til kandidat til Eldreprisen 2019 vil verta lagt fram i møtet.

Eldrerådet - 013/2019

ER - behandling:

Administrasjonen la fram skriv frå Masfjordnes pensjonistlag v/ Lovisa Midtbø. Skrivet vart lest opp og saka drøfta.
Framlegg om å tildela Gerd Kvingedal eldreprisen for 2019 vart samrøystes vedteke.

ER - vedtak:

Framlegg om å tildela Gerd Kvingedal eldreprisen for 2019 vart samrøystes vedteke.